


**MODALEN KOMMUNE**



**ØKONOMIPLAN 2016 – 2019**

**OG**

**ÅRSBUDSJETT 2016**

**Rådmannen sitt framlegg**

<b>1</b>	<b>GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET.....</b>	<b>4</b>
1.1.	Lovreglar.....	4
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak.....	4
1.3.	Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.....	4
1.4.	Fordelingsfullmakter.....	5
<b>2.</b>	<b>GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING.....</b>	<b>6</b>
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader.....	6
2.2.	Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026.....	6
<b>3.</b>	<b>ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2019. ....</b>	<b>7</b>
3.1.	<b>Føresetnader for inntektssida.....</b>	<b>7</b>
3.1.1.	Innleing.....	7
3.1.2.	Skatteinntekt og eigedomsskatt.....	7
3.1.3.	Rammetilskot.....	8
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift.....	9
3.2.	<b>Føresetnader for utgiftssida.....</b>	<b>9</b>
3.2.1.	Lønsvekst.....	9
3.2.2.	Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde.....	9
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift.....	9
3.2.4.	Avdrag.....	10
3.2.5.	Lånerente.....	10
<b>4</b>	<b>BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN.....</b>	<b>10</b>
4.0	Merknader til budsjettet for 2016.....	10
4.1.	<b>Presentasjon einingane: .....</b>	<b>11</b>
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon:.....	11
4.1.2	Kultur.....	14
4.1.3	Sosial og barnevern: .....	15
4.1.4	Skule.....	16
4.1.5	Barnehage.....	17
4.1.6	Pleie og omsorg.....	18
4.1.7	Kommunelege.....	20
4.1.8	Teknisk etat: .....	20
4.2.	<b>Tabellar og oversyn:.....</b>	<b>23</b>

Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet .....	23
Næring.....	23
Budsjettskjema 1A/1B .....	26
Økonomisk oversikt drift .....	27
<b>5. INVESTERINGAR.....</b>	<b>30</b>
5.1. Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B.....	30
5.2. Budsjettskjema 2A – Investering .....	31
5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling .....	32
5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	33
5.5. Utfyllande kommentarar til framlagt liste over prioriterte og uprioriterte småinvesteringar.....	36

# **1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet**

## ***1.1.Lovreglar***

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid. Kommunen si plikt til å utarbeide og vedta budsjett for det kommande året er nedfelt i kommunelova § 45. Plikta til å utarbeide økonomiplan som minimum omfattar dei 4 neste rekneskapsåra, og foreta ei årleg rullering av økonomiplanen, er nedfelt i kommunelova § 44.

Føremålet med planane er å kartleggje kommunen sine økonomiske rammer i planperioden, og vise mål og oppgåver for kommunen i den same periode innanfor dei økonomiske rammene som kommunen har. Det er eit ufråvikeleg krav at inntektene og utgiftene for dei ulike åra i planperioden er i balanse.

## ***1.2.Organisering av arbeidet og vedtak***

Budsjetteringa har teke utgangspunkt i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justert for kjente/vedtekne endringar, og ei målsetjing om at årleg netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen, slik at handlefridomen vert ivareteken og at kommunen har buffer til å handtera evt uføresette endringar med negative konsekvensar.

I formannskapsmøte 19.10.15, 20.10.15 og 27.10.15 har det vore drøftingar av føresetnader for budsjettarbeidet der budsjettsskisse vart presentert med sikte på signal å ta omsyn til i utarbeiding av budsjettframlegget.

Etter avdelingsvis budsjettering og sentral samordning, vert det sendt ut eit budsjettframlegg frå rådmannen til politisk handsaming. Formannskapet skal handsama budsjettsaka i møte 17.11.14. Budsjettinnstillinga frå formannskapet skal ligge til ålment ettersyn i minst 14 dagar i perioden før kommunestyremøtet.

## ***1.3.Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.***

Modalen kommune har hatt, og har god økonomi til å yta tenester for innbyggjarane i kommunen. Utviklinga peikar mot ein strammare økonomi, særleg grunna redusert inntekt frå eigedomsskatt i planperioden. Det er derfor viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at ein fokuserer på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løyvingane kommunestyret har gjeve.

### ***1.4. Fordelingsfullmakter***

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

**Rådmannen/sentraladministrasjon**

**Kultur**

**Sosial og barnevern**

**Skule**

**Barnehage**

**Pleie og omsorg**

**Kommunelege**

**Teknisk etat**

**(Sjå budsjettskjema 1B i tabell 4.2.2).**

Desse rammene er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet på politisk nivå vert lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

## 2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.

### 2.1. Økonomi og generelle føresetnader

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder:

- Skatteinntekt inkl naturressursskatt
- Rammetilskot
- Skatt på eigedom
- Konesjonsavgift
- Øyremerka tilskot
- Gebyr/avgifter/brukarbetaling

Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer samla nesten halvparten av driftsinntektene til kommunen. Andelen har vore aukande dei seinare åra, men er no redusert noko som følgje av redusert eigedomsskatteinntekt. Prognosar signaliserer ein vesentleg reduksjon av naturressursskatt og eigedomsskatt i økonomiplanperioden. Dette vil vere ein stor utfordring å handtere i åra som kjem. Den økonomiske situasjonen vil verte strammare framover, og det er viktig å setje i gong prosessar for å finne tenlege løysingar.

### 2.2. Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026

Kommunen sine overordna målsetjingar er slik nedfelt i den nye kommuneplanen:

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

Det årleg driftsbudsjettet og økonomiplanen skal leggje til grunn mål og prioriteringar som er vedtekne i kommuneplanen. Dette gjeld både når det gjeld aktivitetar i tenestoområda og utviklingstiltaka som kommunen planlegg å gjennomføre sjølv eller yte stønad til.

Modalen kommune har hatt ein økonomisk handlefridom som har gjort at kommunen til no har kunna løyst eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggerane i kommunen med stor kommunal eigeninnsats.

Om inntektene i åra framover vil verte lågare så har kommunen framleis ein relativt solid økonomi. Men i endå større grad vil det framover vere viktig at alle ledd i organisasjonen bidreg til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom. Dette vil også setje krav til ei strengare politisk prioritering av driftskostnader, lokale stønadsordningar og investeringstiltak.

### **3. Økonomiske føresetnader for budsjett og økonomiplan 2016 – 2019.**

#### ***3.1. Føresetnader for inntektssida***

##### **3.1.1. Innleiing**

Ved utrekning av rammeoverføringane har ein tatt utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik dei er vist i KS sin prognosemodell oppdatert etter framlegg til statsbudsjett for 2016 frå regjeringa.

For skatt og rammetilskot er det lagt til grunn same realnivå som 2016 i dei 3 siste åra i planperioden.

##### **3.1.2. Skatteinntekt og eigedomsskatt**

Skatt og eigedomsskatt utgjer samla nesten 50 % av samla inntekt til kommunen.

For 2016 legg ein til grunn ein samla skatteinntang på totalt kr 24,3 millionar.


Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2016.

Eigedomsskatt vert vidareført med 7 promille (lova sin maksimalsats) i 2016.

Eigedomsskatten omfattar kun verk og bruk. Eigedomsskatten forfell til betaling i 2 terminar: 31.03 og 30.09.

Det er likningsverdiar (formuesverdi) som ligg til grunn for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget. I samband med statsbudsjettet for 2012, vart det vedteke justeringar av maksimumsgrensa for eigedomsskattegrunnlaget. Denne endringa auka eigedomsskatteinntekta for åra 2013 og 2014. Største skatteobjektet (Steinsland kraftverk) ligg no i «korridoren» mellom minimum og maksimumsgrensa for betaling av eigedomsskatt. Då slår spotprisen for krafta særskilt ut i berekningane. Siste åra har det vore svært låge kraftprisar. Dette har redusert våre inntekter frå eigedomsskatt på verk og bruk. I 2015 gjekk eigedomsskatteinntekta ned med kr 0,5 millionar i høve til 2014, og i 2016 vil inntekta gå ytterlegare ned med kr 1,8 millionar. For åra 2017-19 er det lagt inn ytterlegare nedgang. Ein veit ikkje no kva som vil verte faktiske storleikar for eigedomsskatten i dei seinare åra i planperioden, men på bakgrunn av BKK sine prognosar og kvalitetssikringar som er gjort i høve til dei, så er det stor sannsynlegheit for vesentleg reduksjon også i 2017-19, noko som vil gje ein strammare økonomi i åra som kjem.


**Diagram: Utvikling eigedomsskatt 2012 til 2016 (årleg %-vis endring):**



### **3.1.3. Rammetilskot**

Inntektene i budsjettet for 2016 er rekna med siste prognosemodell frå KS, der føresetnadene frå regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett er lagt inn. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulik skatteinngang mellom kommunane.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 16,794 millionar i 2016.



Oversynet viser årleg prosentvis endring i skatt og rammetilskot samla frå 2012 til 2016.



Kommunane har fått ei realstyrking av dei frie inntektene i statsbudsjettet. Denne styrkinga er meint å skulle gå til:

- Auke utgift som følgje av demografi (folketal og samansetjing)
- Pensjonsutgifter
- Satsing innan rusomsorg
- Satsing innan helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Kostnader knytt til meir fleksible barnehageopptak

### **3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift**

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i driftsbudsjettet for 2016 er lagt inn med kr 2,6 millionar.

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i investeringsbudsjettet 2016 er lagt inn med kr 0,5 millionar.

## ***3.2. Føresetnader for utgiftssida***

### **3.2.1. Lønsvekst**

I lønsbudsjetteringa har ein nytta venta lønsvekst i tråd med føresetnadene i statsbudsjettet, dvs 2,7 %.

### **3.2.2. Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde**

Godtgjering for ordførar, varaordførar og folkevalde er budsjettert i høve nytt gjeldande reglement.

### **3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift**

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som er forsikra i Statens pensjonskasse.

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i prognosar gjeve av pensjonsleverandørane.

Det er i budsjetteringa nytta følgjande premiesatsar:

Pensjonspremie	KLP 18,00 %
Pensjonspremie	SPK 11,15 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

### **3.2.4. Avdrag**

Modalen kommune legg ikkje opp til nye låneopptak i 2016. Budsjettert avdrag vert sett til kr 1,5 millionar, same nivå som 2015. Dette er godt over kravet til minimumsavdrag etter kommunelova. Lånegjelda er pr 1.1.15 om lag kr 22,9 millionar utanom formidlingslån.

### **3.2.5. Lånerente**

Størstedelen av lånegjelda, kr 18,9 millionar, er fastrente til 3,55 % fram til oktober 2016. Flytande rente i Kommunalbanken er pr dato 1,65 %.

## **4 Budsjettløyvingar – avdelingane – taldel - oversyn**

Formannskapet skal handsama sak om budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019, og gje si innstilling, i møte 17.11.15. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret i desember. Budsjetttframlegget for 2016 vil ha ei bruttoramme (samla driftsinntekt) på omlag kr 85,6 millionar, med eit netto driftsresultat på om lag kr 2,65 millionar, noko som utgjer 3,1 % av driftsinntekta.

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men tendensen til svakare resultat har medført eit ekstra fokus på driftsresultatet dei seinare åra. Nye utfordringar og press på økonomien kjem i denne planperioden i stor grad frå redusert eigedomsskatteinntekt. I tillegg vil vi få vesentleg reduserte inntekter for sal av tenester til Vaksdal kommune innan pleie og omsorg frå 2016. Det er viktig å halda netto driftsresultat på eit høgst mogleg nivå for å kunne ha buffer mot endringar i rammevilkåra for kommunen, samstundes som investeringsnivået over tid er tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad.

Det er som nemnt viktig å bevare handlefridomen ved å ha positivt driftsresultat kvart år. Det er difor viktig å vera merksam på utviklinga i driftskostnadene og inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.

### **4.0 Merknader til budsjettet for 2016**

Budsjettinnstillinga for 2016 tek utgangspunkt i å vidareføre driftsnivået som har vore i 2015. Der det er avvik/endringar går dette fram av kommentarane i budsjettframlegget.

I formannskapsmøta den 19. og 20. oktober skildra rådmannen den økonomiske situasjonen og grunnlaget for driftsbudsjettet for neste år og økonomiplanperioden 2016-2019. I etterkant av møtet har rådmannen gjennomført og slutført den administrative prosessen. I arbeidet med budsjettet har rådmannen lagt opp til ein grundig gjennomgang frå dei budsjettansvarlege innan ulike ansvars og tenestoområde. Dette inkluderer eit auka fokus på å budsjettere inntektene innan ulike ansvars- og tenestoområde slik at dei samsvarar best mogleg med tidlegare rekneskapstal og forventa inntekt neste år.

## **4.1. Presentasjon einingane:**

### **4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:**

#### **Rådmannen**

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Sidan 1. januar 2013 har den administrative organiseringa vore ein modell med to nivå. Denne modellen har fungert godt. Leiarane for dei einskilde einingane har direkte ansvar for sine område innan økonomi, personal og fag og rapporterer direkte til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret. Det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen som kommunen deler med Osterøy kommune. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen medan landbruk er overført til teknisk sjef. Frå 2015 vart kulturaktivitetane med bibliotek og Bryggjeslottet skilt ut frå rådmannen sitt rammeområde og lagt inn som eit eige budsjett og ansvarsområde med kultursjefen som leiar av eininga.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjer ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivået. Midlar til kjøp av tenester frå Bedriftshelsetenesta er sett av til å gjennomføre ulike tiltak i 2016. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i ansvar 1000 rådmannen. For 2016 vert det søkt om kr 1 040 000 i tilskot til drift (3% auke i høve 2015) samt eit ekstra tilskot til maling av kyrkja med kr 120 000. Malingsarbeidet er totalt rekna til kr 150 000, men kr 30 000 er tenkt dekkja innan det ordinære tilskotet.

Driftstilskotet til Mo sokn har auka vesentleg over dei siste åra. Frå kr 730 000 i 2010 til kr 1 010 000 i 2014, men med same sum i 2015. Auken som har vore i perioden utgjer ein større vekst enn kva som har vore for kommunale einingar. Mo sokn sin rekneskap for 2013 vart gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 89 000 for 2013 og kr 60 000 for 2014. Netto driftsresultat var i 2013 kr 165 000 og kr 69 000 i 2014. Pr 31.12.14 hadde sokna fondsmidlar og udisponert resultatmidlar på samla om lag kr 400 000.

Kommunen skal også betale tilskot til andre trusamfunn basert på tilskotet til kyrkja. Dette vart innarbeida i budsjettet frå 2015.

Rådmannen har i sitt framlegg rådd til at tilskot i 2016 vert auka til kr 1 040 000, men føreset då at malingsarbeidet av kyrkja (inkludert ekstra kr 120.000 ) vert utført og finansiert gjennom driftstilskotet for 2016 og bruk av egne fondsmidlar.

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert belasta ansvar 1000 Rådmannen. Budsjetten er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde.

Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 10 000 då det synes ikkje å vere stor trong til politisk arbeid utover frikjøpsordningar og godtgjerdsel etter revidert reglement.

Det er i 2016 ikkje sett av midlar til gjennomføring av val.

**Stillingsressurs:** Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann/rådgjevar: 100 %  
Rådgjevar: 40%. Administrasjon /arkiv/ kundetorg: 200 %

### **Fellesfunksjonar:**

Lærlingeordning: Me har til ei kvar tid 1 læreplass som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen. Frå hausten 2015 har me teke inn ein lærling som Helsefagarbeidar ved Modalstunet.

### **Kommunekasserar**

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring og årsavslutning, remittering/rekningsbetaling, fakturering og oppfølging, løn og fråvær, budsjett og budsjettoppfølging, eigedomsskatt, samt støtte og rådgjeving for avdelingane.

**Stillingsressurs:** Økonomikonsulent: 100 %

Modalen kommune har avtale om kommunekasserarfunksjonar med Osterøy kommune. Avtalen er oppseieleg med 6 månaders varsel før nytt årsskifte. Skatteoppkrevjarfunksjonen, som også omfattar kontroll, vert ivareteke etter avtale med Nordhordland Kemnerkontor som ei fellesløyse for kommunar i Nordhordland.

### **Rådgjevar IKT og økonomi**

Til stillinga har det lagt eit koordineringsansvar for kommunen sitt ansvar i høve felles IKT-drift i Nordhordland. Arbeidsoppgåvene har dei siste åra vorte endra til også å omfemne ansvar for planlegging/ gjennomføring av interne prosjekt, koordinering av oppgåver med innkjøp, HMS arbeid og økonomioppgåver for kommunekasserar. Mange digitale løysingar er innført dei siste åra. Rådmannen planlegg i løpet av 2016 å knyte denne stillinga tettare opp til dei oppgåver som lagt til kundetorget som eit sentralt dokument- og servicecenter for kommunen.

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland med Osterøy som vertskommune, går inn i sitt femte heile driftsår i 2016. Samarbeidet har styrka tenestene for alle kommunane og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp og driftsikkerhet.

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2016 er det sett av kr 967.000. Dette inneber ikkje noko auke for samarbeidskommunane i høve driftskostnader for 2015.

Det er lagt inn årlege kostnader kr 110.000 for redundans i fibernettet.

Innan IKT budsjettet har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev ei god styring og kontroll.

Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

### **Næringsutvikling**

Rådmann og rådgjevar i stab vil samarbeide om å ivareta denne funksjonen i organisasjonen.

Ved behov vil rådmannen kjøpe inn konsulenttenester til å ivareta særskilte prosjektoppgåver, men midlar i driftsbudsjettet til kjøp av konsulenttenester er vesentleg redusert. Ved behov utover avsette midlar vil rådmannen føreslå prosjektfinansiering av aktuelle tiltak med løyvingar frå næringsfondet.

Tiltak til næringsutvikling er viktige for å utvikle kommunen som ein god stad å bu og arbeide i. Det er sett av midlar i budsjett/økonomiplan til næringsutvikling (tilskot og lån frå næringsfondet). Likeeins er det sett av midlar til bustadtilskot finansiert av næringsfondet basert på normal aktivitet i 2016. Dersom signaliserte større prosjekt innan landbruk og anna næring skal gjennomførast med betydelege midlar frå næringsfondet i 2016 kan dette sprengje dei avsette rammer.

### **Flyktingar**

Det er sett opp eit driftsbudsjett for 2016 som skal finansiere førebuing, mottak og oppfølging av flyktingar med bruk av tilskotsmidlar som kommunen får tildelt til føremålet.

Ordinære tenester innan helse, barnehage og skule skal serve også desse innbyggjarane innan einingane sine driftsbudsjett. Men ved særskilte behov kan tilskotsmidlar verte overført til einingane.

### **Kalkingsanlegg**

Det er sett opp eit driftsbudsjett i 2016 som skal finansiere førebuing og drift av Kalkingsanlegget i Modalselva. Anlegget skal vere driftsklart i mars og skal vere i drift eit halvt år kvart år framover. Både drift av anlegget og investeringane vil verte fullfinansiert med midlar frå staten og eventuelt ved ein mindre bruk av fondsmidlar til fiske og vilt som

BKK årleg betalar. Kommunen skal stå som eigar av anlegget og ha ansvar for drifta etter særskilt avtale med staten.

### ***Rådmannen - Mål for 2016:***

- Innan 1.5. førebu og ta imot 10 flyktningar.
- Innan 1.4. gjennomføre prosjekt for bygging av kalkingsanlegg i Modalselva og starte opp ordinær drift av dette.
- Innan 1.7. gjennomføre ein overordna ROS-analyse i samsvar med krav fastsett frå tilsyn av Fylkesmannen i 2015.
- Innan 1.6. utarbeide underlag og sak til kommunestyret for vedtak om kommunereforma
- Innan 1.10. evaluere næringsfondsvedtekter og utarbeide sak til handsaming i kommunestyret.
- I løpet av 1. halvår gjennomføre internt prosjekt for å utvikle og organisere kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen
- Ta i bruk ny møteportal for utsending av innkalling /saker til politiske møte. Gje opplæring i bruk til politikarar slik at dei får ei brukarvenleg løysing i sitt politiske arbeid. Integrere løysing mot etablert program for Acos Møte og Innsyn.
- Ta i bruk intranett til intern kommunikasjon i kommunen. Samle informasjon, rutinar og reglement som skal vere til hjelp for sakshandsamarar, nytilsette, leiarar og verneombod og andre funksjonar. Integrere løysing mot etablert internett, men unngå at ein må oppdatere data begge stader – lage henvising til heimesida.
- Auke bruken av e-handlar 100 % i høve til 2015, ved intern informasjon, opplæring og bruk av fleire rammeavtalar til innkjøp

#### **4.1.2 Kultur**

Kultursjefstillinga er kombinert med bibliotekartenesta. Kultursjefen har eit overordna ansvar for å koordinera drifta ved Bryggjeslottet. Oppgåvene innanfor kultur omfattar mellom anna å tildele tilskot til lag, organisasjonar og kulturminnevern, samordning av ulike kulturaktivitetar, Modalsdagane og andre kulturarrangement og organisere turistinformasjon om sommaren og ha ansvar for skulemuseet på Sunnarhaugen.

Oppfølging av tiltak for turvegane og informasjonsmateriell høyrer til under kultursjefen. Kommunen har seinare år fått pengar frå Gjensidigestiftelsen til utbetring av turvegane. Dette er no avslutta. Målet for å setja i stand desse vegane har vore å leggja til rette for naturopplevingar for bygdefolk og turistar. I budsjettet er det framleis sett av noko pengar til utbetring av stiar/turvegar samt informasjon. Større utbetringar av turstiar bør planleggjast med søknad av prosjektmidlar.

Det er også for 2016 sett av betydelege beløp, som skal nyttast til tilskot for arrangement og kulturtiltak, i Modalen innafor kulturdelen av budsjettet. Modalsdagane er eit viktig, men

ressurskrevjande arrangement, som kommunen er ansvarleg for. Rådmannen vil rå til at det vert gjort ei politisk prioritering av tiltak og omfang på det som skal vidareførast.

Også i budsjettet for 2016 er det avsett midlar til 20% delstilling for Barne og ungdomsarbeid. Det har ikkje vore tilsetning i stillinga siste år, men det er gjeve stønad til ulike aktivitetar.

### **Biblioteket.**

Biblioteket er ope 3 dagar for veka. Mo skule har ikkje bibliotek men brukar folkebiblioteket sine tenester. Biblioteket samarbeider med barnehagen, skulen og kulturkontoret om «Den kulturelle skulesekken», forfattarvitjingar, barneteater, utstillingar, konsertar og kulturkveldar.

### **Bryggjeslottet.**

Drifta vert vidareført som i 2015. I budsjettet er det teke omsyn til fastløn til deltidsstillingar med helgevakter. Aktiviteten er stor og mange nyttar seg av tilboda. Inntektene er basert på erfaringstal frå 2015. Bryggjeslottet er åtte år gamalt, men det vert lagt opp til løpande vedlikehald av utstyr og anlegg. Erfaringsmessig har drifta vore budsjettet i underkant av faktiske netto kostnader dei seinare åra.

### **Stillingsressurs kultur:**

Kultursjef/bibliotek: 100 %

Driftsleiar, Bryggjeslottet: 100 % samt 4 delstillingar til helgevakt/badevakt 30%.

Leiar for ungdomsklubb 20 %.

### ***Kultur - Mål for 2016:***

- I løpet av første halvår lage eit oversyn over ulike stønadsordningar innan kulturbudsjettet, evaluere bruken av desse for dei 3 siste åra og utarbeide ei sak til kommunestyret om dette.
- I løpet av første halvår gjennomføre ei ny brukarundersøking retta mot lokale og eksterne brukarar.
- Innan 1.5. gjennomføre ei evaluering av og invitere til dialog omkring samarbeidet med lokale organisasjonar/verksemder om bruk av anlegget.

### **4.1.3 Sosial og barnevern:**

Tenestene NAV- sosial, edruskap og barnevern er organisatorisk lagt direkte under rådmann/sentraladministrasjonen.

#### **Barnevern:**

Me har for tida ein avtale med Vaksdal kommune om at dei skal ivareta vårt barnevern. Dette inneber at barnevernsleiar i Vaksdal kommune også er barnevernsleiar i Modalen kommune. Avtalen vart reforhandla og godkjent av kommunestyret i 2012, og varer ut 2017. Talet saker har variert mellom 3-5 dei siste åra.

#### **Edruskapsvern:**

Kommunen skal i medhald av sosialtenestelova rettleia og iverksetja hjelpetiltak overfor den enkelte til å koma bort frå misbruk av rusmiddel. Det er begrensa etterspurnad etter slik hjelp, og talet på saker har lagt mellom 0-1 pr år.

#### **Sals- og skjenkeløyve:**

Modalen kommune har Rusmiddelpolitisk handlingsplan som vart vedteken i 2013. Kommunen har inngått avtale med privat skjenkekontrollør for tilsyn og kontroll av sals og skjenkestadene. Me har i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad for alkoholhaldig drikke i kommunen. I tillegg har Bryggjeslottet løyve til å skjenka slutta lag. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskildløyve. Noverande sals og skjenkeløyve varer ut juni 2016. Det nye kommunestyret må ta stilling til om det skal gjevast nye løyve frå juli 2016.

#### **NAV / Sosial:**

Modalen kommune har i dag eit samarbeid med NAV Masfjorden om drift av NAV kontoret i Modalen. Kontoret er ope tysdagar. Det er sakshandsamar ved kontoret ca 2 dagar pr veke. Økonomisk sosialhjelp inngår som ein del av tenestetilbodet på NAV kontoret. Det er få brukarar som er avhengige av sosialhjelp over tid.

Stillingsressurs: 60 % (40 % statleg, 20 % kommunal)

#### **NAV / Sosial - Mål 2016:**

- Arbeide for å etablere ein felles arena i kommunen for alle faggrupper som arbeider med born og unge sine oppvekstvilkår
- Evaluere ordninga med skjenkekontroll
- Utvikla rutinar for å følgje opp brukarar som har stor gjeldsbyrde, og betalingsvanskar over tid

#### **4.1.4 Skule**

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for dette rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga.

#### **Grunnskulen**

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går no på Mo skule. Dette er ein avtale med Vaksdal kommune som gjeld til 01.08.2015, men med forlenging med eit år om gongen til den vert sagt opp av den eine parten. Frå august 2015 betaler Vaksdal kommune kr 91.200,- pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke.

Elevtal:	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>
	57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)	86(20)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)



**Kulturskulen:** Kulturskulen har frå hausten 2010 hatt ein positivt auke i elevtal. Siste året har søknadane gått litt ned. Hausten 2015 er det 29 påmelde elevar på song og instrumentopplæring.

**SFO** er no organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Nytt frå hausten 2014 er at det er innført undervisning for alle elevar fem dagar for veka. Elevar i 1.-4.klasse har då SFO inne i skuletida. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane.

Born i SFO:	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
	16	11	23	25	32	28	28	31	37

Fruktordninga for elevane vart i 2015 vidareført utan innføring av foreldrebetaling for dette. Det er planlagt tematur til Polen med Aktive fredsreiser for ungdomssteget våren 2016. Turen vert delfinansiert innan driftsbudsjettet.

**Stillingsressurs:** 17,14 årsverk

#### **PPT:**

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Avtalen gjeld ut 2017. Budsjettmessig vart dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

#### **Rektor Mo skule: Mål 2016**

- Halda fram arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling. Prosjektet går over i driftsfase januar 2016.
- Endra fokus frå individ/enkeltelev til system/fellesskap. Gjennomføre pilotprosjekt med StatpedVest og PPT «Mot tilpassa og inkluderande opplæring for alle»
- Betre samarbeidslinjer mellom ulike aktørar og roller i skulen. Fokus på kommunikasjon og informasjon.

#### **4.1.5 Barnehage**

Modalen barnehage er ein 2-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-4 år og 4-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Det er føresett at born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2016 vil det vere 21 born/28 plassar i barnehagen, der 5 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma i Modalen barnehage er sett til 1 vaksen pr. 5 born.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)

(Tala i parantes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

**Stillingsressurs:** 9,47 årsverk.

### ***Barnehage: Mål 2016***

- **Arbeide vidare med arbeidsmiljøet:**  
Gjennomføre ny arbeidsmiljøundersøking
- **Arbeide systematisk med implementering**  
Læra om kvifor det er viktig å implementera ting me har lært.  
Lage mal for korleis me arbeider systematisk med implementering
- **Endring og kvalitetsheving**  
Delta på kurs i korleis ein arbeider systematisk med dette arbeidet

#### **4.1.6 Pleie og omsorg**

Modalstunet har totalt 16 sjukeheimsplassar. Frå siste del av 2013 og fram til hausten 2015 er etterspurnaden frå eigne innbyggjarar redusert til mellom 6-8 plasser. Her er korttidsplassar frå eigen kommune inkludert. Dette er på nivå med normtal for behov dei komande år til eldre over 80 år i Modalen. Vaksdal har nytta sine plassar i 2015 både til avlastning og korttidsopphald samt langtidsopphald. Ledige plassar vert tilbydd andre kommunar, men ingen Nordhordlandskommunar har meldt si interesse for leige av plassar i 2015.

Avtale med Vaksdal kommune om betalingssatsar vart reforhandla og godkjent av kommunestyre i 2012, og inntekter justert i høve dette. Denne avtalen gjeld til 31.12.2015. Vaksdal kommune har sagt opp driftsavtalen frå 01.01.2016 for dei 4 plassane dei eig.

Då Vaksdal har sagt opp sine 4 plassar , vil det medføre at vi må føreta endringar i drifta av Modalstunet og heimetenesta framover. Prosessen i høve avvikling er starta opp, men ikkje endeleg fastlagt. Vaksdal har i november uttalt at dei arbeider mot å avvikle alle plassane snarast råd etter 1.1. 2016. I rådmannen sitt budsjettframlegg er inntekter frå Vaksdal derfor redusert i budsjettet til ca. kr 700.000. **Dette er ein inntektsreduksjon på 2 millionar kroner frå budsjettet i 2015.** I utgangspunktet la rådmannen til grunn at det ville verte ein lengre prosess før avtalen vart avvikla. Men dei nye signala frå Vaksdal har derfor medført behov for å redusere inntektene ytterlegare i budsjettet.

Det er sett ned ei lokal arbeidsgruppe til å arbeide med denne endringsprosessen. Gruppa vil arbeide med dei endringane som vil påverke drifta av Modalstunet. Det vil vere viktig å sjå moglegheiter i form av endring av tenesta, og korleis nytte kompetansen for å kunne oppretthalde god kvalitet i tenesta framover.

Basert på liten etterspurnad frå andre kommunar, er det ikkje budsjettert med sal av plassar til Lindås eller andre kommunar i 2016.

Det er eit auka behov for psykiatritenester som pleie- og omsorg skal yte. Dette gjev utfordringar i høve bemanning, spesielt kveld/helg.

Samhandlingsreforma, som vart innført i 2012, gjer at me får pasientar tidlegare tilbakeført frå sjukehus enn før. Det vert no utført meir behandling på institusjon og i heimetenesta, som tidlegare vart utført på sjukehus. Ved behandling av desse pasientane, er det nye medikament og utstyr som er kostbare og nye prosedyrar som personalet treng opplæring i for å kunne gje optimal teneste i eigen kommune. Innkjøp av utstyr for å gje den behandlinga som trengst kan og gje ekstra kostnader.

Me innførte i 2014 elektronisk meldingsutveksling mellom kommunelege/Helseforetaka i Bergen og pleie- og omsorgstenesta. I 2015 har me innført meldingsutveksling med Helse Førde, Helse Fonna, Helse Stavanger. I tillegg kjem Oslo Universitetsjukehus som samarbeidspartnar i løpet av 2015/16. Elektronisk meldingsutveksling mellom Helseforetaka og psykiatritenesta er sett oppstartsdato til 7.12.2015. Kvar einskild sjukepleiar har fått delegert mynde til å handtere desse meldingane. Me har tidsfristar for å svare på meldingane frå sjukehuset. Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse 24 timar i døgeret. Dette er med å påverke kostnadane til drift av pleie- og omsorgstenesta i åra framover. Avtale om samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp- plasser er inngått med Nordhordlandskommunane.

Pleie- og omsorg starta med tilbod til heimebuande demente i mars 2013, og tilbodet er framleis i drift i 2015. Ein sjukepleiar og ein aktivitør/miljøarbeidar er ansvarleg for tilbodet. Tilbodet er lagt til rette slik at også andre eldre i kommunen kan delta. Tilbodet har fått stor oppslutning, og totalt har tilbodet vore gjeve til 10 personar i 2015. Tilbodet er ope annakvar veke, der dei eldre vert henta med bil av personalet og får servert frukost på Modalstunet. Intensjonen er at brukarane møtes i eit sosialt fellesskap, som gjev dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg heime. Me vil søkje Helsedirektoratet for tilskot også for 2016, og planlegg å vidareføre tilbodet i åra som kjem.

#### **Avvikling av tilbod om snøbrøyting og plenklypping:**

I 2006 vart snøbrøyting og plenklypping innført som tilbod til menneske som på grunn av helseplage eller funksjonshemming ikkje klarer dette sjølv. Desse tilboda er ikkje lovpålagde tenester. Dei vert tildelt etter søknad, og legeattest, men det vert ikkje gjort individuell vurdering ut over kravet om legeattest. Det vil seie at alle som dokumenterer at dei ikkje bør måke snø eller klyppe plenen kan søkje desse tenestene. Det er i hovudask pensjonistar og uføre som nyttar tilboda i dag. Siste året er det 11 personar som har nytta tilbodet om snøbrøyting, og 4 har nytta plenklypping.

Kommunen sin kostnad med denne tenesta er ca kr. 20.000,- pr år. Inntekta i eigenbetaling frå brukarane er ca kr. 10.000,-. Dette er såleis ikkje ein stor utgiftspost, men praktisk tilrettelegging og administrasjon av tilbodet krev ressursar frå kommunen som ikkje kjem fram i desse tala. Målgruppa som nyttar denne tenesta er i stor grad er personar som elles ikkje får hjelp frå omsorgstenesta. Med samhandlingsreforma har kravet til kva kommunan skal yta av helse og omsorgstenester vorte skjerpa. Me må difor sjå på kva tenester me ikkje treng å bruke ressursar på. Desse tenestene kan den enkelte ordne sjølv gjennom private avtaler utan å involvere det kommunale tenesteapparatet. Tilbodet om plenklypping og snømåking vert føreslege avvikla frå 01.05.2016.

Stillingsressurs: 18,6 årsverk er lagt inn førebels, men her vil truleg kome justeringar i løpet av 2016.

### ***Pleie og omsorg: Mål 2016***

- Kontinuerleg gjennom året arbeide målretta mot reduksjon i sjukefråværet. (Fråværsprosent pr. 16.07.15 var 12.1 %. 16,4% i same periode i 2014)
- Gjennomføre opplæring av tilsette med innføring av elektronisk signering i legemiddelhandtering i dokumentasjonssystemet Cosdoc. Frist 01.04.2016.
- Opplæring/ oppfriskningskurs i legemiddelhandtering for tilsette. Frist 01.06.2016.
- Gjennomføre forflytningskurs for tilsette i høve HMS plan. Frist 01.05.2016.

#### **4.1.7 Kommunelege**

Kommuneoverlegen har ansvaret for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legetenesta, helsesøstertenesta, fysioterapitenesta og psykisk helseteneste med dagtilbod. Kommunelegen har også ansvar for smittevern, miljøretta helsevern og er kommunen sin medisinsk faglege rådgjevar.

Kommuneoverlegen har i 2015 hatt delvis permisjon i samband med doktorgrad, men er attende i ordinær drift i 2016.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester for menneske med psykiske problem og lidningar også ansvar for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Som ein del av rammetilskotet til kommunen mottok kommunen eit tilskot pr utviklingshemma innbyggjar.

Stillingsressurs: 5,2 årsverk

### ***Kommunelege: Mål 2016***

- Halde på gode samarbeidsrutiner ved helsesenteret med månadlege personalmøter og ei personalsamling i året.
- Oppdatere akutt-medisinsk utstyr og halde halvårleg øving i hjerte-lunge-redning for alle ved helsesenteret.
- Ha faglege oppdateringar med undervisningsbolker på personalmøta.

#### **4.1.8 Teknisk etat:**

##### **Teknisk sjef – tekniske tenester**

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Planarbeid, kart og oppmåling, byggjesaker, vatn, avlaup, vegar, brannberedskap, feiing, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune tilbyr all skuleungdom mellom 16 og 23 år sommarjobb. Dei som deltek på teknisk vert i hovudsak handtert av uteseksjonen ved teknisk etat.

Teknisk etat utfører også plenklipping og snørydding for pensjonistar og uføre som sjølv ikkje er i stand til, eller har pårørande som kan utføre slikt arbeid. Etterspurnad etter hjelp til snørydding har auka mykje dei siste åra.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Desse anlegga vil også i åra som kjem ha trong for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av eigne ressursar også krevje innleige av eksterne firma. I budsjettframlegget er det teke omsyn til auka fokus på vedlikehald og oppgradering av VA-anlegg.

Innan teknisk sektor har det dei siste åra vore endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personer med vakt kvar fjerde veke. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt på kort varsel kan rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

**Stillingsressurs: 631%**

### **Brannvern**

Brannvernet i Modalen kommune samarbeidar med Meland og Lindås brannvern om opplæring av brannmannskapa. 14 personar er tilsett i delstillingar i det lokale brannvernet. I dei siste åra er det lagt inn auka kostnader for brannmannskapa.

### **Reinhaldstenesta**

**Stillingsressurs: 512%**

### **Landbruk**

I 2010 blei det etablert ein avtale for kjøp av tenester frå landbrukskontoret i Meland kommune. Rådgjeving og forvaltningsoppgåver innan landbruket vert ivareteke gjennom denne avtalen. Meland har også ansvaret for viltforvaltninga. Avtalen med Meland har fungert godt og vil verte vidareført i 2016.

Modalen kommune vil halde fram med landbruksvikar i 51% stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

**Stillingsressurs:** Landbruksvikar 51%.

***Teknisk etat - Mål for 2016:***

- Innan 01.03.16 gjennomføre oppfølging av forvaltningsrapport, sak 007/2015.
- Utføre nærmare planlegging av Mo vassverk med behov og kostnadsutgreing.
- Utføre nærmare planlegging av garderobeanlegg for brannmannskap/vaktmeistrar med behov og kostnadsutgreing.

## 4.2. Tabellar og oversyn:

### Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet

Beløpsgrensa og reglane knytt til kva utgifter som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengelege. ”Investeringsar” på under kr 100 000 skal ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Det same gjeld for utgifter til tiltak/prosjekt som ikkje vert vurdert å vere av «investeringsmessig karakter». Det gjeld til dømes vedlikehaldsutgift og reparasjonar. Tiltaka i oversynet vert ikkje innarbeida i dei ordinære driftsrammene til einingane og vert såleis ikkje vidareført i løyvingane for seinare år i økonomiplanperioden.

<b>Småinvesteringar</b>	<b>2016</b>
<b>Pleie og omsorg</b>	
Skilt Modalstunet	50 000
Modalstunet - konsulenthjelp mulighetsstudie	50 000
<b>Teknisk</b>	
Utvendig maling kommunale bygg	200 000
Feiing kommunale veger	
Kantklipping kommunale veger	
Poleringsmaskin til Modalstunet, reinhald	35 000
Nytt prøvetakingsutstyr for kloakkrensaneanlegg	50 000
Områdeplan arealdel, oppstart - konsulenthjelp	150 000
<b>Rådmannen</b>	
Til rådvelde for Formannskapet	50 000
Omlegging fiberleidningar Mo	100 000
Overordna ROS-analyse - konsulenthjelp	50 000
<b>Sum</b>	<b>735 000</b>

### Næring

Innanfor rammeløyvinga til rådmannen/sentraladministrasjon vert ført tilgang til, og bruk av, midlar frå næringsfondet. Årleg konsesjonsavgift, rente- og avdragsinntekt frå utlån frå næringsfondet samt anna inntekt knytta til konsesjonsforpliktelsar vert inntektsført. Utlån, tilskot til næring og bustad, elevstipend samt andre utgifter på næringsområdet vert utgiftsført.

Netto inntekt, dvs samla inntekt etter frådrag av utgiftene, om lag kr 3,3 millionar i framlegg til budsjett, vert avsett til næringsfondet. Dette medfører at ansvarsområdet samla gjev null i

resultat og vert ikkje synleg i budsjettramman til rådmannen /sentraladm. Dette er eit viktig område for kommunen og vert difor synt på detaljnivå i tabellen under:

		Framlegg	Justert budsj	Reknesk
Ansvar:	1600 NÆRING	2016	2015	2014
Teneste:	2830 BISTAND TIL BUSTADER			
14700	TILSKOT/STØNAD	800 000	800 000	830 072
	<b>Sum utgifter</b>	<b>800 000</b>	<b>800 000</b>	<b>830 072</b>
19400	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-800 000	-800 000	-830 072
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-800 000</b>	<b>-800 000</b>	<b>-830 072</b>
	<b>Sum teneste: 2830 BISTAND TIL BUSTADER</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Teneste:	3200 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD			
15400	AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND	80 000	-	100 000
	<b>Sum utgifter</b>	<b>80 000</b>	<b>-</b>	<b>100 000</b>
16500	SALSINNTEKT MVA-PLIKTIG	-80 000	-	-100 000
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-80 000</b>	<b>-</b>	<b>-100 000</b>
	<b>Sum teneste: 3200 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Teneste:	3250 TILRETTELEGGING/BISTAND FOR NÆRINGSLIVET			
11150	MAT/BEVERTNING	-	10 000	-
11202	DIVERSE UTGIFTER	30 000	40 000	-
11401	INFORMASJON/MARKNADSFØRING	50 000	50 000	-
11900	HUSLEIGE/GRUNNLEIGE	55 800	55 000	53 737
11951	LISENSAR/KONTINGENTAR	-	5 000	-
12302	VEDLIKEHALD AV ANLEGG	-	10 000	-
12700	KONSULENT-/ADVOKATTENESTER	100 000	117 000	-
14290	MVA-UTGIFT (UTANOM INNG MVA)	12 000	12 000	10 150
14700	TILSKOT/STØNAD	2 000 000	2 000 000	913 192
15200	UTLÅN DRIFT	500 000	500 000	23 400
15400	AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND	6 030 000	5 981 000	6 102 467
	<b>Sum utgifter</b>	<b>8 777 800</b>	<b>8 780 000</b>	<b>7 102 946</b>
16301	ANNA UTLEIGEINTEKT	-15 000	-	-21 600
16500	SALSINNTEKT MVA-PLIKTIG	-	-120 000	-
18300	OVERFØRING FRÅ FYLKET	-	-	-18 000
18770	KONSESJONSAVGIFT	-5 200 000	-4 939 000	-5 261 750
18900	OVERFØRING FRÅ PRIVATE	-250 000	-237 000	-253 495
19000	RENTEINTEKT UTLÅN	-80 000	-100 000	-85 280
19200	MOTTEKNE AVDRAG PÅ UTLÅN	-500 000	-516 000	-501 942
19400	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-2 732 800	-2 868 000	-960 879
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-8 777 800</b>	<b>-8 780 000</b>	<b>-7 102 946</b>
	<b>Sum teneste: 3250 TILRETTELEGGING/BISTAND FOR NÆRINGSLIVET</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
	<b>Sum ansvar: 1600 NÆRINGSKONSULENT</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Når det gjeld bruken av næringsfondet, er det investeringsutgifter som årleg belastar fondet mest. Dersom eit investeringstiltak er innanfor det som næringsfondet kan brukast til, jfr



retningslinene for fondet, kan ein finansiere tiltaket ved bruk av næringsfondet. Andre utgifter må finansierast med andre fondsmidlar, overføring frå driftsrekneskaper eller anna inntekt.

Næringsfondet har pr 31.12.14 ein saldo på om lag kr 11,0 millionar, utanom grunnkapitalen på kr 2 millionar. Det er viktig å vere merksam på at næringsfondet er ein del av dei frie fondsmidlane til kommunen og at dei er klassifisert som disposisjonsfond. Det betyr at dei ikkje er bundne fondsmidlar, men det er kommunestyret som disponerer dei, sjølv om ein må avgrense bruken til tiltak som er i samsvar med retningslinene.

## Budsjettskjema 1A/1B

Tabellen er ein obligatorisk oppstilling i budsjettvedtaket for driftsbudsjettet og syner budsjettframlegget med sentralt førte inntekstpostar, finanspostar, samt fondsbruk og avsetjing til fond (1A), og løyvingane til rammeområda (1B). I tillegg til dei sentralt førte postane som er ført i tabell 1A kan det vera finanspostar, bruk av fond og avsetjing til fond som ikkje er med i skjema 1A. Dei postane vil i så fall inngå i rammeløyvingane som er vist i skjema 1B. Sjå tabell 4.2.4 for inntekts- og utgiftsoversyn samla for kommunen.

Tabellen er halde i faste 2016-kr. I planperioden 2017-2019 er det lagt til grunn same realnivå for skatt og rammetilskot som i 2016.

				2016 kr	2016 kr	2016 kr
	Rekneskap	Budsjett	Framlegg	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Budsjettskjema 1A:	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Skatt på inntekt og formue	8 602 387	7 800 000	8 800 000	8 800 000	8 800 000	8 800 000
Ordinært rammetilskudd	15 380 196	16 000 000	16 794 000	16 794 000	16 794 000	16 794 000
Skatt på eiendom	23 349 199	22 823 113	20 964 131	18 597 023	15 954 334	15 954 334
Andre direkte eller indirekte skatter	14 679 313	14 800 000	15 539 000	15 539 000	15 539 000	15 539 000
Andre generelle statstilskudd	573 977	150 000	154 500	150 000	150 000	150 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>62 585 072</b>	<b>61 573 113</b>	<b>62 251 631</b>	<b>59 880 023</b>	<b>57 237 334</b>	<b>57 237 334</b>
Renteinntekter og utbytte	661 545	745 000	592 300	584 226	568 867	553 911
Gevinst finansielle instr	211 708		175 100	170 497	166 014	161 650
Renteutg.,provisjoner, andre fin.utg.	878 834	840 000	840 000	817 916	796 413	775 475
Avdrag på lån	2 500 000	1 500 000	1 500 000	1 460 565	1 422 166	1 384 777
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-2 505 580</b>	<b>-1 595 000</b>	<b>-1 572 600</b>	<b>-1 523 759</b>	<b>-1 483 699</b>	<b>-1 444 692</b>
Til ubundne avsetninger	3 728 319	0	214 980	0	0	0
Til bundne avs	47 721					
Bruk av tidligere års mindreforbruk	2 790 648	0		-	-	
Bruk av bundne avs	300 000					
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-685 392</b>	<b>0</b>	<b>-214 980</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overført til investeringsregnskapet		0		0	0	
<b>Til fordeling drift</b>	<b>59 394 100</b>	<b>59 978 113</b>	<b>60 464 051</b>	<b>58 356 264</b>	<b>55 753 635</b>	<b>55 792 642</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra 1B)</b>	<b>57 798 192</b>	<b>58 978 113</b>	<b>60 464 051</b>	<b>58 356 265</b>	<b>55 753 636</b>	<b>55 792 642</b>
<b>Reknesk meir-/mindreforbruk</b>	<b>1 595 908</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Framskriving av løyvingane til rammeområda for 2017-2019 er i tabellen saldert/reduisert med 2% i 2017 og 2 % i 2018 for alle rammeområda. Likevel står ein igjen med eit vesentleg salderingsbehov som er synleggjort på eiga linje (gul farge), og som må konkretiserast og handterast. Tabellen er halde i faste 2016-kroner.

Salderingsbehova for dei einskilde åra i tabellen må forståast slik at det er salderingsbehovet i det einskilde året som står i gult. Dersom ein salderer/reducerer rammene i året før, og reduksjonen vert vidareført til neste år, så vil det redusere salderingsbehovet tilsvarande året etter.

				2016 kr	2016 kr	2016 kr
	Rekneskap	Budsjett	Framlegg	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Budsjettskjema 1B:	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Rådmann/sentraladm	12 807 242	13 825 152	13 740 300	13 465 494	13 196 184	13 196 184
Kultur	3 128 133	3 328 078	3 376 100	3 308 578	3 242 406	3 242 406
Sosial og barnevern	337 301	912 000	877 700	860 146	842 943	842 943
Skule	9 643 449	10 038 873	10 948 064	10 729 103	10 514 521	10 514 521
Barnehage	4 367 343	5 365 104	4 972 195	4 872 751	4 775 296	4 775 296
Pleie og omsorg	13 884 995	13 639 913	14 208 800	13 924 624	13 646 132	13 646 132
Kommunelege	5 094 945	4 774 267	4 435 000	4 346 300	4 259 374	4 259 374
Teknisk etat	11 061 252	11 816 306	11 805 692	11 569 578	11 338 187	11 338 187
Småinvesteringar			735 000			
<b>Salderingsbehov</b>			<b>-800 000</b>	<b>-1 720 309</b>	<b>-3 161 407</b>	<b>- 3 122 400</b>
Sentrale postar	-2 526 468	-3 721 580	-3 834 800	-3 000 000	-2 900 000	-2 900 000
	<b>57 798 192</b>	<b>59 978 113</b>	<b>60 464 051</b>	<b>58 356 265</b>	<b>55 753 636</b>	<b>55 792 642</b>

### Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. netto driftsresultat som er det viktigaste resultatomgrepet for å vurdera resultat og budsjettert resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpande inntektene og utgiftene.

Det er for 2016 lagt opp til å budsjettere med eit **netto driftsresultat på kr 2,65 millionar** som er 3,1 % av driftsinntektene. For å klare det må framlegget salderast/kuttast med ytterlegare kr 800 000. Sjå gul linje.

Økonomisituasjonen for kommunen vert strammare. Det er såleis positivt å budsjettere med eit godt netto driftsresultat. Budsjettert avsetjing til disposisjonsfond utanom næringsfondet er likevel kun kr 214 980. Netto avsetjing til næringsfondet er, som synt i avsnittet om næringsfondet, om lag kr 2,6 millionar. Næringsfondet er definert som eit disposisjonsfond, men har likevel avgrensingar på bruken.

Det må òg peikast på at netto driftsresultat er finansiert med kr 1,25 millionar i premieavvik frå pensjon. Premieavviksinntekt skal amortiserast/utgiftsførst fordelt over 7 år, og gjev såleis høgare utgift seinare år. Netto driftsresultat korrigert for premieavvik vert kr 1,3 millionar i budsjettet for 2016.

#### Økonomisk oversikt drift 2014 – 2016:

	<b>Reknesk</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Framlegg</b>
	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
<b>Driftsinntekter</b>			
Brukerbetalinger	2 299 022	2 193 500	2 101 300
Andre salgs- og leieinntekter	4 053 922	4 009 900	4 362 700
Overføringer med krav til motytelse	13 039 174	11 512 000	9 983 600
Rammetilskudd	15 380 196	16 000 000	16 794 000
Andre statlige overføringer	673 977	150 000	1 470 500
Andre overføringer	448 433	381 000	398 300
Skatt på inntekt og formue	8 602 387	7 800 000	8 800 000
Eiendomsskatt	23 349 199	22 823 113	20 964 131
Andre direkte og indirekte skatter	19 941 063	19 739 000	20 739 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>87 787 372</b>	<b>84 608 513</b>	<b>85 613 531</b>

<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	40 198 067	42 733 393	42 858 483
Sosiale utgifter	10 735 668	11 835 433	11 855 768
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	18 062 253	16 635 487	15 663 900
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	3 511 916	4 107 100	4 340 200
Overføringer	6 695 988	6 749 100	6 822 900
Avskrivninger	6 944 712	6 884 800	6 884 800
Fordelte utgifter	-1 500	200	-600
Småinvesteringar i drift			735 000
<b>Salderingsbehov</b>			<b>-800 000</b>
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>86 147 104</b>	<b>88 945 513</b>	<b>88 360 451</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>1 640 269</b>	<b>-4 337 000</b>	<b>-2 746 920</b>

<b>Finansinntekter</b>			
Renteinntekter og utbytte	750 684	695 000	692 900
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	211 708	170 000	175 100
Mottatte avdrag på utlån	599 947	536 000	520 600

<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1 562 339</b>	<b>1 401 000</b>	<b>1 388 600</b>
-------------------------------------	------------------	------------------	------------------

<b>Finansutgifter</b>			
Renteutgifter og låneomkostninger	880 099	840 000	840 000
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Avdrag på lån	2 500 000	1 500 000	1 500 000
Utlån	43 400	530 800	530 800
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>3 423 499</b>	<b>2 870 800</b>	<b>2 870 800</b>
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-1 861 160	-1 469 800	-1 482 200
Motpost avskrivninger	6 944 712	6 884 800	6 884 800
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>6 723 821</b>	<b>1 078 000</b>	<b>2 655 680</b>

<b>Interne finanstransaksjoner</b>			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	2 790 648	-	-
Bruk av disposisjonsfond	2 340 951	4 788 000	3 532 800
Bruk av bundne fond	33 333	315 000	336 500
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>5 164 932</b>	<b>5 103 000</b>	<b>3 869 300</b>
Overført til investeringsregnskapet	20 000	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00
Avsetjing/buffer			214 980
Avsatt til disposisjonsfond	9 939 107	6 021 000	6 150 000
Avsatt til bundne fond	333 736	160 000	160 000
<b>Sum avsetninger</b>	<b>10 292 843</b>	<b>6 181 000</b>	<b>6 524 980</b>
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	<b>1 595 910</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

## 5. Investeringar

Samla investeringsutgift er på kr 5,44 millionar i 2016, mot kr 8,8 millionar i opprinneleg vedteke budsjett for 2015. Nivået på investeringane må over tid sjåast i høve til storleiken på resultat og avsetjingar til fond frå drifta. Når driftssituasjonen vert strammare og tilførsel til fond avtar, vert handlefridomen og høvet til eigenfinansiering av investeringar dårlegare.

Investeringsutgiftene vert finansiert med eigne fondsmidlar, delfinansiering frå mva-kompensasjon, evt tilskot og noko låneopptak siste året i planen. Sjå hovudoversikt 2A – Investering lenger nede.

Investeringsplanen baserer seg på gjennomgang med formannskapet i oktober. Den samla økonomiske situasjonen har medført behov for å avgrense investeringsnivået i planperioden. Investeringsplanen er saldert med noko låneopptak i 2019 (sjå skjema 2A under), då det ikkje er tilstrekkeleg med fondsmidlar tilgjengeleg. Den stramme driftssituasjonen med reduserte kraftinntekter vil gjere det vanskeleg å oppnå høge nok resultat til å tilføre fondskapitalen nok midlar til å kunne finansiere alle planlagte investeringar i planperioden, slik det ser ut i dag.

### 5.1. Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B


Investeringsoversyn 2016-2019	2016	2017	2018	2019
Oppgradering fellesarealer Modalstunet	-			
Møblar til fellesareal	-			
Maskiner/utstyr Modalstunet	150 000			
Takheisar bebuarrom	140 000			
UV filter Mo vassverk	-			
Tomtefelt Mo og Øvre Helland		3 000 000	2 000 000	2 000 000
Ny Brannbil / utstyr	-			
Reparasjon hellelagt område MO	-			
Oppgradering av hovudsikringsskap Modalstunet	150 000			
Ny rampe og busstur Mo skule	1 000 000			
Avsetjing til nytt næringsbygg/kommunehus	2 000 000	2 000 000	2 500 000	2 500 000
Diverse investeringar innan vatn og avløp	250 000	250 000	250 000	250 000
Oppgradering kommunale bustader	300 000	300 000	300 000	300 000
Asfaltering kommunale vegar og plassar	550 000			
Nytt ventilasjonsanlegg bustadar Mo	300 000			
Skifte av tak, samf.hus Øvre Helland	450 000			
Oppgradering av kommunalt uteområde	150 000			
Garderobeanlegg brannmannskap				
Lysløype				500 000
<b>Sum investeringar</b>	<b>5 440 000</b>	<b>5 550 000</b>	<b>5 050 000</b>	<b>5 550 000</b>

## 5.2. Budsjettskjema 2A – Investering


	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Budsjettskjema 2A - investering	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Investeringer i anleggsmidler	5 333 764	8 800 000	5 440 000	5 550 000	5 050 000	5 550 000
Utlån og forskutteringer	250 000	500 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Kjøp av aksjer og andelar	162 587	140 000	170 000	170 000	170 000	170 000
Avdrag på lån	258 806	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Avsetninger	7 432 447					
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>13 437 604</b>	<b>9 740 000</b>	<b>6 210 000</b>	<b>6 320 000</b>	<b>5 820 000</b>	<b>6 320 000</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lån - investeringar				0	0	620 000
Bruk av lån - formidlingslån		500 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	2 220					
Tilskudd til investeringer	300 000					
Mva-kompensasjon	821 039	900 000	500 000	0	0	0
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	7 082 193	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Andre inntekter	96 805		100 000	100 000	100 000	100 000
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>8 302 257</b>	<b>1 700 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>	<b>1 320 000</b>
Overført fra driftsbudsjettet	20 000	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	5 115 347	8 040 000	5 010 000	5 620 000	5 120 000	5 000 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>13 437 604</b>	<b>9 740 000</b>	<b>6 210 000</b>	<b>6 320 000</b>	<b>5 820 000</b>	<b>6 320 000</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 5.3. Fondsmidler og lånegjeld – utvikling

Diagrammet for ubundne fondsmidler under syner utvikling i samla frie fondsmidler fram til og med 2015. Ein ser at ein har bygd opp fondskapitalen frå eit lågt nivå pr 1.1.11 og åra framover, men at høgt forbruk 2015 fører til nedgang igjen.



For åra framover i planperioden er det vist utvikling i fondsmidlane i diagrammet under, der ein syner Sum disposisjonsfond, og splittar dette opp i Næringsfondet (utanom grunnkapitalen), Generelt disposisjonsfond og Fond øymerka samfunnshus/kommunehus. Dei heilt frie midlane er synt med Generelt disp.fond. Desse vert hovudsakleg brukt opp og vil ligge på eit svært lågt nivå på slutten av planperioden. Ein ser òg at storleiken på næringsfondet går nedover heile planperioden, og vert redusert til eit svært lågt nivå.



Sum disp.fond som vil vere relativt stabil i perioden fordi investeringsplanen for åra er svært beskjeden, og fordi ein får ein flytting av midlar til fondet som er øymerka til samfunnshus/næringsbygg. **Handlefridomen til å finansiere andre tiltak/prosjekt i**



planperioden vil såleis verte sterkt avgrensa, og det er svært knapt med generelle disposisjonsfondsmidlar til å finansiere andre tiltak som kan verte vurdert i åra som kjem.

Det må likevel presiserast at midlane som er øymerka til samfunnshus/næringsbygg reelt sett er næringsfondsmidlar, men er i oppsettet vist slik ein planlegg å øymerke/avsetje i planperioden. I den grad dei ikkje er nytta, vil det til ein kvar tid vere opp til kommunestyret å omdisponere til anna føremål som næringsfondet kan nyttast til, om det er ynskjeleg.

#### ***5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet***

**I innstillinga frå rådmannen er det lagt vekt på å halde investeringane i økonomiplanperioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne. Innan dei årlege rammene er det prioritert tiltak som er relatert til kommunen sine primæroppgåver - opprusting / vedlikehald av kommunale anlegg og eigedomar samt investeringar som effektiviserer kommunen si eiga drift og lovpålagde tenester.**

**Rådmannen legg fram ei investeringsliste på kr 5,44 millionar for 2016. Det vert venta ein strammare driftssituasjon med svakare driftsresultat framover. Det vil såleis vere viktig med ei stram prioritering.**

##### **Modalstunet**

Det er framkome fleire behov for utbetringar og innkjøp av inventar og utstyr. Etter rådmannen si meining bør omfanget av framtidig kapasitetsbehov og driftsløysingar avklarast i løpet av neste år, før ein no gjennomfører større investeringar ved anlegget, men det er grunn til å gjennomføre nokre tiltak.

Rådmannen vil rå til at oppgradering av fellesareal og utskifting av møblar vert utsett. Likeeins er nytt boskur utsett for ny vurdering til 2017.

##### **Takheis bebuarrom Modalstunet**

Det er siste åra oppgradert 6 bebuarrom og det er montert takheis på eit av romma. Denne er teke i bruk. Tilsette er nøgde ved at det vert mindre fysisk belastning i høve forflytningar, og det har vore nedgang i sjukefråvær i år i høve 2014. På alle 6 rom er det lagt klart for montering av takheis, og me erfarer at pleietyngda aukar. Ved å investere i 2 nye takheisar vil me kunne hindre sjukefråvær i høve fysisk belastning i situasjonar med forflytning av bebuar frå seng til stol og wc.

Budsjettert kostnad i 2016   kr 140 000

##### **Maskiner / utstyr Modalstunet**

Ut frå store reparasjonskostnader i 2015 på vaskemaskin, samt at den er av eldre dato er det behov for ny i 2016. Vaskemaskin ut frå vidare drift er ei naudsynt investering.

Inventar til skyljerom (benkar og skap), er eldre utstyr med stor slitasje frå 1985. Vil vere eit sentralt rom i høve vidar drift.

Budsjettert kostnad i 2016 kr 150 000

### **Oppgradering av hovedsikringsskap Modalstunet.**

Hovedsikringsskap har gamle skrusikringar og det er behov for å skifte ut desse med automatsikringar med innebygd jordfeilbrytar. Det kan vere behov for komplett utskifting i alle skap seinare. Det er registrert at jordfeil ved anlegget «forplantar seg» til andre bustader i nærmorådet. Dette er eit hastetiltak som må iverksetjast.

Budsjettert kostnad i 2016 kr 150 000

### **Oppgradering av Mo vassverk**

Mo vassverk er tidlegare godkjent av Mattilsynet, men krava har vorte strengare. For å tilfredstilla drikkevassforskrifta må også vatnet her gjennom eit desinfeksjonstrinn og det er naudsynt med alkalisering. Styringa må også skiftast. Det var planlagt sett av kr 700.000 til investering i 2016. Det er trong til ei nærmare planlegging av behov og kostnadsutgreing som vil verte utført i 2016. Tiltaket bør utsetjast i planperioden.

### **Tomtefelt Mo og Øvre Helland.**

Kjøp og opparbeiding av nye tomtefelt vert utsett til planarbeid med oppfølging av vedtak vedkomande ny Kommuneplan er gjennomført.

### **Ny Brannbil /utstyr**

Utgår. Gjennomført i 2015 innan løyvde midlar for åra 2014-15

### **Busskur og rampe ved Mo skule.**

Det er i år 52 elevar som nyttar skulebuss dagleg. Desse reisande har ingen stad der dei kan stå tørt medan dei ventar på bussen. Søknad om busskur er innvilga av Statens vegvesen, og nytt busskur vil kome i løpet av 2015/16.

Under prosesessen er det føreslege å få bytt ut trappa som er der i dag med ein rampe. Trappa er svært øydelagd. I mange av trinna er skiferhellene sunde og/eller lause. Viktigaste argumentet for å byta ut trappa med ein rampe er krav om universell utforming. Mo skule er etter siste ombygginga godt tilrettelagd for rørslehemma, men det kan ikkje seiast om tilkomsten til skulen via denne trappa. Skulen har i dag elev som er avhengig av elektrisk rullestol. Ein rampe som er utforma i fylgje teikningane som er utarbeidde vil gjera tilgjenge godt både for elevar og andre som vil ha trong for slik tilrettelegging. Det er innhenta anbod på arbeidet.

Busskuret som er løyvd hjå Vegesenet er tenkt inn i dette prosjektet slik at det vert ein heilskap og framstå som ein fin kvalitet til Mo skule.

Budsjettert kostnad i 2016 kr 1 000 000 totalt.

Av dette vil Statens vegvesen finansiere ca. kr 100.000.

### **Avsetning til næringsbygg / kommunehus – nybygg / opprusting**

Det vart i 2013 utført ei vurdering av kommunehuset. Kommunestyret tinga i 2014 sak for vurdering av bygging av eit nytt kontorbygg for offentleg / privat verksemd. Eit skisseprosjekt er utarbeida i 2015 og vert lagt fram for kommunestyret i november.

Skissert finansiering for dette prosjektet er basert på ein eigenkapital (oppsparte fondsmidlar) med kr 10 millionar. Dersom det ikkje vert planlagt eit nytt bygg så må det gjerast noko med eksisterande bygning. Det vart i 2013 set av kr 1 500 000 til føremålet. Midalar av dette er nytta til planarbeid som er gjort i 2015.

Budsjettert kostnad i 2016   kr 2 000 000 som avsetning til føremålet

### **Diverse investeringar innan vatn og avløp**

Vatn og avløpsanlegga i Modalen kommune treng til kontinuerleg oppgradering. Det oppstår stadig vekk driftsavbrot som krev rask innsats. Døme på slike avbrot er brot på hovudvassleidning, problem med djupvasspumper og styring av desse og problem med reinseanlegg. Desse hendingane krev ofte innleige av eksterne ressursar slik som maskinar, transport, røyrleggar og elektrikar. Krav til rask utbetring gjer at vi bør ha ein buffer for å møte slike situasjonar.

Vi har derfor sett av eit årleg beløp på kr 250 000 for kvart år i perioden.

### **Oppgradering av kommunale bustader/bygg**

Modalen kommune har i dag 31 bueningar, av varierende alder og kvalitet. Innvendig vedlikehald av bustadane har stort sett vorte utført når desse har stått ledige. For dei eldste bustadane har vi eit etterslep på både utvendig og innvendig vedlikehald.

Det vert planlagt brukt 300 000 kroner kvart år i økonomiplanen til rehabilitering/ oppgradering.

### **Asfaltering kommunale vegar og plassar**

Asfaltering av veg til barnehagen. Vegen vart i 2015 retta opp, men det var ikkje nok midlar til å asfaltere vegen ferdig. Sett av midlar til å gjere arbeidet ferdig. I summen ligg og kostnad med fartsdumpar.

Budsjettert kostnad i 2016   kr 550 000

### **Nytt ventilasjonsanlegg i bustader på Mo og på Heiane**

Ventilasjonsanlegga i bustadene er defekt og difor ikkje i bruk. Det kan verta store konsekvensar ved å ikkje ventilera bustadene. Fukt og forureiningar vert ikkje ventilert bort, noko som kan føre til mugg og soppdannelse. Kondensskade på bygning er ein annan konsekvens. Dette kan oppstå både inne i bustaden og i kanalnett med stillestående luft. Når dette oppstår inne i kanalnettet vil det ikkje verta oppdaga før kondensvatn kjem inn bustad gjennom innertak eller via takventilar. I desse kanalane vil det og vera stor fare for sopp og mugg. Me kjenner til liknande tilfeller som har medført store økonomiske løft for å setja bustad i stand att. Byggeigar er ansvarleg for at byggeforskrifta er ivaretatt.

Budsjettert kostnad i 2016 kr 300 000

#### **Skift av taket på Øvre Helland samfunnshus**

Det er behov for å skifta taket på Øvre Helland samfunnshus.

Budsjettert kostnad i 2016 kr 450 000

#### **Oppgradering av kommunalt uteområde**

Det er behov for oppgradering av kommunalt fellesområde på Øvre Helland.

Budsjettert kostnad i 2016 kr 150 000

#### **Garderobeanlegg brannmannskap/vaktmeistrar**

Det var planlagt sett av kr 500.000 for investering i 2016. Det vert foreslege å vurdere nærmare behov, alternative løysingar og kostnader for prosjektet i 2016.

#### **Lysløype / Turløyper**

Som omtala under kulturbudsjettet er det sett av noko midlar til mindre tiltak. Behov for større prosjekt må vurderast og planleggjast med prosjektfinansiering der det også vert søkt om eksterne midlar.

### **5.5.Utfyllande kommentarar til framlagt liste over prioriterte og uprioriterte småinvesteringar**

Som tidlegare kommentert er det ei beløpsgrensa for kva som kan førast i investeringsbudsjettet. I samsvar med etablert praksis er det utarbeida ei liste over mindre investeringar, prosjekt og tiltak som ikkje inngår i den ordinære årlege drift og som heller ikkje kan klassifiserast som investeringar. Tiltaka i oversynet vert ikkje innarbeida i dei ordinære driftsrammene til einingane og vert såleis ikkje vidareført i løyvingane for seinare år i økonomiplanperioden. Dette er med å gje både betre oversyn og kontroll av driftsøkonomien både for rådmannen og for kommunestyret.

Grunna trongare økonomi har rådmannen føreteke ei strengar prioritering av ønskje om realisering av tiltak i 2016. Desse utgiftene er i rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett innarbeidd i dei økonomiske oversyna for 2016.

#### **Småinvestering Pleie og omsorg**

Det er sett av midlar til å setje opp skilt på veggen av Modalstunet med namn og merking av hovudinngang.

Det er sett av noko midlar til kjøp av konsulenthjelp for mulighetsstudie vedkomande endringar drift.

## **Småinvesteringar Teknisk**

### **Opplæring brannmannskap**

Det er ikkje sett av ekstra midlar til føremålet i 2016. Mannskapet har betaling for å delta på 40 timar øving/opplæring. Alle må gjennomføre brevkurs med grunnleggande teori før dei kan delta på eksterne kurs. Grunnopplæringa må prioriterast i 2016.

Intern opplæring/øvingar skjer i dag i eit samarbeid med Meland og Lindås brannvern.

### **Feiing og kantklipping av kommunle vegar**

Vart gjennomført i 2015 og utgår derfor i 2016.

### **Maskiner og utstyr**

Avsett midlar til poleringsmaskin til reinhald ved Modalstunet og nytt prøvetakingsutstyr for kloakkrenseanlegg.

### **Områdeplan arealdel, oppstart- konsulenthjelp**

Avsett midlar til oppfølging av kommunestyrevedtak vedkomande arealplan

## **Småinvesteringar Rådmannen**

### **Til rådvelde for Formannskapet**

Årleg sum kr 50 000 avsett i heile planperioden, men har vore lite nytta.

### **Omlegging fiberleidning MO**

Avsett midlar til kjøp av tenester for omlegging av kommunal fiber dersom Modalen kraftlag flyttar sine leidingar frå stolpar (i dag) til rør i bakken.

### **Overordna ROS-analyse - konsulenthjelp**

Avsett midlar til kjøp av tenester for utarbeiding av overordna ROS-analyse slik vi er pålagt å gjennomføre, jmf . tilsyn frå Fylkesmannen 2015.